

Motorferdsel i utmark og vassdrag – kommunale retningslinjer for Vestnes kommune
jfr vedtak i nærings- og miljøutvalet i Vestnes kommune i sak 16/96, med justeringar jfr vedtak i planutvalet i sak 70/25.

Generelle vilkår

- Fjellveggar, traktorveggar og eksisterande køyrespor skal følgast så langt som råd. Køyning skal følge traséen/områdeavgrensinga som er fastlagt i løyvet.
- Med unntak av transport av funksjonshemma, er køyning berre tillete mellom kl. 08.00 og kl.20.00 på kvardagar, og kl. 17.00 til kl. 20.00 på søn- og helligdagar.
- Løyver for motorferdsel på vinterføre gjeld fram til 20.april eller 3. påskedag om den fell seinare. Sesongen kan forlengast når snøtilhøva tilseier det.
- All motorferdsel i utmark skal skje så aktsamt og omsynsfullt som råd. Eventuelle terrengskader skal utbetrast straks.
- I tillegg til løyve frå kommunen, må samtykke frå grunneigar innhentast.
- Hastesaker kan avklarast pr. e-post.
- Løyvet skal alltid takast med og visast fram til politi, oppsyn-/tilsynsmynde eller grunneigar.
- Andre vilkår kan fastsettast i dei enkelte løyva.

Vilkår etter §5a (leigekøyning)

- Lag og foreiningar blir som hovudregel prioriterte dersom det er fleire søknadar om leigekøyning i same område. Det er mogleg å ha fleire førarar på same løyve.
- Det blir som hovudregel berre gitt eitt løyve til leigekøyning i same område.
- Løyve kan gjevast for inntil tre vintersesongar.
- Køyretrasé, område, antal turar/køyredagar m.m blir fastsett i kvart enkelt løyve.
- Kommunen legg opp til samla behandling av søknader om leigekøyning for å kunne sette dei ulike søknadene opp mot kvarandre. Søknad om leigekøyning må vere kommunen i hende innan 1. desember kvart år.
- Køyrelogg skal sendast til kommunen etter sesongslutt.
- Manglande innsending av køyrelogg fører til eitt års karantene før evt. ny søknad om leigekøyning kan innvilgast.

Vilkår etter § 5b-c-d-e og § 6. (funksjonshemming, avstand, utmarksnæring, ved)

- Søkarane skal i størst mogleg grad visast til leigekøyrarar.
- Løyve gjevast som hovudregel berre for ein vintersesong.
- I alle enkeltløyve fastsettast antal turar og køyretrasé i vedtaket, så langt det er praktisk mogleg.
- Det blir i utgangspunktet lagt til grunn at 10 turar pr sesong er tilstrekkeleg, men kommunen vurderer behovet i kvar enkelt søknad.
- Køyrelogg skal sendast til kommunen etter sesongslutt.
- Legeattest blir krevd som dokumentasjon for funksjonshemming og helsetilstand, når dette er grunngjevinga i søknaden.
- Utmarksnæringa må spesifiserast og kunne dokumenterast (§ 5d).

Brot på vilkår kan medføre inndraging av løyvet og straffeansvar etter Motorferdsellova §12.